



Daniel Sygnowski
Ievegen 189
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1867 - 18/17336

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
22.08.2018

GBNR 49/11 og 49/106 - Oppheving av ugyldig vedtak

Administrativt vedtak, sak 210/2018.

Saksutgreiing:

Administrasjonen viser til vedtak datert 17.07.2018, delegert sak 178/2018, om løyve til arealoverføring av om lag 123 m² frå gbnr 49/11 til gbnr 49/106. Vidare blir det vist til orienteringsskriv frå kommunen med uttalefrist for partane til 14.08.2018. Kommunen har ikkje motteke merknader frå partane innan fristen.

Vurdering:

Eit forvaltningsorgan kan «omgjøre sitt eget vedtak utan at det er påklaget» dersom vedtaket må vurderast som ugyldig, jf forvaltningslova (fvl.) § 35, 1. ledd bokstav c).

I samband med klarlegginga av saka for oppmålingsforretning, blei administrasjonen merksam på at målebrev over gbnr 49/106 – utstedt etter oppmålingsforretning gjennomført 21.04.1995 – viser at det aktuelle arealet (123 m²) i realiteten tilhøyrar gbnr 49/93, og ikkje 49/11 som gikk fram av matrikkelen. Vedtaket av 17.07.2018 er soleis grunnitt med urette opplysningar om faktum og blir vurdert som ugyldig. Vedtaket blir difor oppheva.

Fordi feilen skuldast opplysningar som kommunen i prinsippet hadde tilgang til, og partane ikkje kan klandrast for å ha følgd rettleiing frå kommunen i samband med innsending av søknad om arealoverføring, blir det gjort vedtak om tilbakebetaling av byggesaksgebyret i saka, kr 6 600,-.

Vedtak:

Meland kommune opphevar med heimel i fvl. § 35, 1. ledd bokstav c) vedtak om arealoverføring datert 17.07.2018, DS 178/2018. Byggesaksgebyr stort 6 600,- skal tilbakebetalast til tiltakshavar.

Saka er behandla og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det blir klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
Juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Daniel Sygnowski	levegen 189	5917	ROSSLAND
Irina Voitkevica	levegen 191	5917	ROSSLAND
Katarzyna Felicja Sygnowska	levegen 189	5917	ROSSLAND
Per Gjessing Høiland	Nedre Dynnersmauet 1	5011	BERGEN
Valentins Voitkevics	levegen 191	5917	ROSSLAND